

Tor Halvorsen

VITSKAP SOM POLITIKK. EIN KOMMENTAR TIL «EUROPAUTREDNINGEN»¹

Ideologien om europeisering som vitenskapleg premiss

Sidan 1992 har EØS-avtalen utfordra norske institusjonar. Det som forskarar kallar for «europeisering», har gjennom implementeringa av avtalen endra folkestyret og forvaltninga, økonomi og arbeidsliv, kunnskap og forskning, og ikkje minst makt og autoritet i organisasjonar. Alt på midten av 1980-talet blir det vitenskapleg føresagt at «det politiske demokratiet i Norden vil i 90-årene måtte arbeide under andre handlingsbetingelser enn det som har vært tilfelle det meste av etterkrigstiden».² Ein annan nestor i statsvitenskapen framhevar korleis EU/EØS endrar styrkeforholdet mellom statsmaktene på måtar som svekker det lovgjevande demokratiet. Ifølgje Øyvind Østerud ser uvalet bak «Europautredningen», NOU 2012:2 *Utenfor og innenfor. Norges avtaler med EU*, ut til å meine at vi står overfor ein revolusjon, men sjølvsagt av ulike grunnar om vi ser korleis mindretal og fleirtal i utvalet argumenterer.³ Likevel påstår fleirtalet at «den norske samfunnsmodellen har stått seg godt gjennom perioden 1992-2011» (s. 811). *Verdisamanfallet* med EU er overveldande, den offentlege revolusjonen er uteblitt. Det revolusjonerande nye for fleirtalet er eventuelt at våre institusjonar har endra seg så lite trass i sterk overnasjonal styring.

Spørsmålet som då melder seg, er: Korleis er det mogleg for eit fleirtal innan utvalet, som skal basere seg på det fremste av samfunnsvitenskapleg og juridisk forskning i Noreg, å kome med ein påstand som skil seg så sterkt frå prognosar og analyser innan det fremste i norsk statsvitenskap?

Tittelen på NOU 2012:2 er «utenfor og innenfor». Det fleirtalet som har forma denne tittelen, viser at dei alt ser Noreg som ein del av ein EU-heilskap. Dei har ein *identifikasjon* med EU som ståstad for si utgreiing og med ein EØS-avtale så bindande og omfattande at det ikkje er realistisk at han kan seiast opp. Mindretalet derimot tar utgangspunkt i det faktum at Noreg ikkje er medlem av EU og at EØS-avtalen faktisk kan seiast opp eller reforhandlast. Når mindretalet sin ståstad derfor er i samsvar med empirisk faktum, skulle tittelen kanskje heller vore «utenfor *eller* innenfor». Det er såleis ideologien om *europeisering* som styrer fleirtalet, også dei vitenskapleg grunna politiske framlegga.

Det blei skapt forventningar om at NOU 2012:2 (frå no av NOUen) skulle gje ein vitenskapleg fundert analyse av EØS-avtalen (og andre relevante avtalar for samarbeid med EU) med utgangspunkt i den faktiske, politiske

situasjonen og, ifølge mandatet, med rom for «kritiske faglige vurderinger».⁴ Kva konsekvensar har desse avtalane for måten vi organiserer det norske samfunnet på og for demokratiet i Noreg?

Utvalet har rett nok gitt eit nyttig bidrag gjennom sine mange beskrivingar av ulike sektorar. Men først og fremst er NOUen eit døme på politisert vitenskap og ein politikk legitimert under dekke av vitenskap, som underslår det normative ved prosjektet «europeisering». Med støtte i referansar henta frå den generelle «europeiseringsforskninga» konkluderer NOUen med at EØS avtalen må oppretthaldast av omsyn til økonomiske interesser,⁵ og at vi bør bli fullt medlem av EU om det demokratiske «dilemma» skal bli løyst, eller «det demokratiske underskottet» retta opp.⁶ Tilhøvet mellom økonomi og demokrati, eller korleis europeiseringsøkonomien eventuelt underminerer demokratiet i Noreg, blir derimot ikkje systematisk drøfta.

Demokrati

Ein debatt om demokrati i Noreg må – så lenge dei demokratiske styresmaktene ikkje har vedtatt noko anna – ha Noreg som ikkje-medlem av EU og med ein oppseieleg EØS-avtale som politisk ramme og ståstad for eit offentleg oppnemnd utval. Med eit slikt *analytisk* utgangspunkt, blir spørsmålet: På kva måte underminerer *eller* styrker EU gjennom EØS-avtalen demokratiet i Noreg på nasjonalt plan og innan ulike institusjonar? På kva måte endrar «europeiseringa» demokrati på arbeidsplassen, arbeidsmiljø, sosialrettslege tradisjonar, kommunalt lokalstyre, tilgang til informasjon (særleg om det offentlege), pressestøtte, ombudsordningar, likestilling?

Demokratiet i Noreg har sjølvsagt det *formelle* demokratiet sine kjenneteikn. Det viktigaste er likevel at det er blitt brukt til å fordele makta i samfunnet. Det har derfor vore eit *verksamt* demokrati. For dersom dei formelt demokratiske ordningane ikkje fører til at makta vert fordelt mellom stadig fleire, mister det kraft. Den særlege klassealliansen i Noreg (arbeidar, bonde, mellomlag av ymse slag) saman med ei sterk fagrørsle, har sikra at demokratiet også blir ein prosess for maktfordeling i sjølve samfunnet, ikkje berre i og mellom statsorgana. Stortinget har vore ein arena der store og små saker skal igjennom, ofte støtta av ein sterk såkalla korporativ kanal som regulator av klassekompromissa i arbeidslivet. NOUen derimot beskriv eit Storting som ser ut til å ha kapitulert for EU-direktiva. Samla sett, hevder NOUen, har Stortinget «vært beskjedent involvert i norsk Europapolitikk»⁷, og opposisjonen mot EU er fanga innan ei regjering som har både EØS- og Schengen-avtalen som plattform.⁸

Mest alt frå EU går altså igjennom Stortinget utan debatt. Det kan sjå ut som om Stortinget er blitt eit virkemiddel for forvaltninga si samhandling med Brussel utan kontakt med det fleirtalet av folket i Noreg som er i mot EU. Om vi har *Noreg* som referanseramme, er dette det demokratiske

problemet. Men om ein identifiserer seg med EU, kan ein kanskje som økonomane berre snakke om eit underskott?⁹ Opp mot dette kan ein argumentere for at det demokrati og den fordeling av makt som klassealliansar mellom ulike typar lønnsarbeidarar og primærnæringane har skapt i Noreg, blir gjennom EØS-avtalen brote ned til fordel for ei økonomisk makt som demokratiet ikkje lenger kan ha innverknad på.

Difor følgjande påstand: Det fleirtalet som i hovudsak former innhaldet i NOUen, opnar ikkje opp for ein reell debatt av konsekvensane av EØS-avtalen for demokratiet og dei institusjonane – alt frå sjukehus til føretaket – innan det norske samfunnet som dette demokratiet har vore med å forme. Utvalets krav om å vere vitkapsbasert blir såleis ikkje innfridd. Utvalet overfokuserer på det konstitusjonelle, i tråd med prioriteringane til «europeiseringsforskinga» både i Noreg og Europa, men seier lite om dei økonomiske og politiske endringane som utfordrar *livsvilkåra* for vanlege lønsmottakarar, trygda, pensjonistar m.v.. Utvalet gir difor heller ikkje ein analyse av dei institusjonane som EØS-avtalen langsamt bryt ned eller endrar og kva konsekvensar dette har for fordelinga av makt mellom ulike grupper og interesser i samfunnet. Dette er ein analyse som burde vere det opplysende, vitkapslege bidraget, men som «europeiseringa» som metodisk ståstad, er blind for.

Ved å knyte an til forskningstradisjonen «EU som europeisering», bidreg komiteen til å etablere eit ideologisk hegemoni som delegitimerer *alt i utgangspunktet* det alternativet som er i samsvar med offisiell politikk på grunnlag av to folkerøystingar: Nei til medlemskap i EU og ein oppseieleg EØS-avtale. EØS-avtalen si svekking av historisk skapte institusjonar og praksisar som samspelet mellom parlamentariske og utanforparlamentariske prosessar, kritisk forvaltingskontroll, arbeidslivets reguleringar, kunnskapsinstitusjonanes demokratiske rolle, rettens sosiale funksjon og juryordning, tillit og arbeidsmiljø i organisasjonssamfunnet osb., blir i utvalet i beste fall enkeltanedotar. Dei blir ikkje forklart i lys av utviklinga innan EU: Den sterke forskyvinga av makt til økonomiske aktørar og ein rettsorden som støtter nyliberale teoriar om rettens rolle som regulator av marknaden og dei borgarrettar som sikrar at dette fungerer. *The European Court of Justice* spelte t.d. ei avgjerande rolle i etableringa av «share holder value» som styringsprinsipp av føretaket slik at målet for verksemda er utbyte til aksjeeigarane,¹⁰ ei styring som er sterkt medverkande til finanskapitalen sitt hegemoni og til finanskrisa.

Institusjonar og klassekamp

Det samfunnsvitarane og juristane i NOUen har felles, er ønsket om å analysere og forklare institusjonar og institusjonell endring. Det blir presisert at utvalet har ei rekke ulike teoretiske tilnærmingar. Eit felles analyse-

grunnlag kan difor ikkje presenterast. Men NOUen samla viser at ulike teoriar om institusjonar kan vere ei felles orientering, sjølv om det ikkje er etablert ei klar fleirfagleg, analytisk semje. Det er teoretisk semje om at den makt, dei normer, verdiar og praksisar som skaper og held ved like institusjonar, former også preferansar, verdset kunnskap og profesjonar og mobiliserer kjensler og samfunnsengasjement. Men slike fenomen, som er inntaket til ei kvar institusjonsanalyse, blir sjeldan forfølgt systematisk. Utvalet sin hovudpåstand bygger såleis ikkje på ei empirisk analyse av dei institusjonelle forholda. Derfor kan utvalet både påstå at våre institusjonar, der Stortinget er den demokratiske viktigaste, «har stått seg godt» sidan 1992, samstundes som utvalet heilt rett framhever at Stortingets politiske rolle «er betydelig svekket» (s. 821) på alle felt som har med EØS-avtalen å gjere. Utvalet framhever «den svake rollen» som Stortinget – et *direkte folkevald* organ – har hatt «i europeisk integrasjon generelt og den norske tilknytningsformen spesielt» (s. 229) gjennom EØS-avtalen, samstundes som *verdifellesskapet* med EU blir understreka. Eit Storting med ei «svak rolle» i europeiseringsprosessen er altså i samsvar med verdifellesskapet med EU!

Institusjonar forklarar både stabilitet og endring. All institusjonell endring fordrar endring av makt. Institusjonelle endringar er difor også endringar av styrkeforholdet mellom klasser, og desse endringane er, som NOUen viser, del av det internasjonale feltet som legg rammer for interessekampen i Noreg. Men vi får ikkje vite noko relevant om korleis vilkåra for institusjonen har endra seg som følgje av endringar av styrkeforholdet mellom klassene. Utvalet har ingen referansar til at logikken og tenkemåten i EØS-avtalen faktisk vart forma av «høgrebølga» i Europa på 1980-talet. Starten på denne var den raske endringa England gjekk igjennom under Thatcher-regimet. Hegemoniske teoriar om institusjonell tregheit blir utfordra av den raske overgangen frå Keynesiansk motkonjunkturpolitikk til monetarisme og neoliberalisme.¹¹ Samspelet mellom dei dominerande avisene (media), to-parti-polarisering, fagrørsle-fiendtleg politikk, framveksten av nye forskingssentra og tenketankar som formidla monetaristisk økonomisk analyse, var medverkande til dette raske skifte av politisk økonomi bort frå tilsynelatande veletablert sosialdemokratisk samfunnsplanlegging. Kort etter blir denne nye politikken også gjort til OECD sin politikk. Det OECD som frå midten av 1950-talet hadde pressa på for meir planlegging, blir no tillagt slagordet «the plan not to plan».¹² Det Noreg som på 1950-talet vidareutviklar førestellinga om at nasjonalstaten er eit planleggingsfellesskap og ein arena for vekst og omfordeling, blir underlagt den globale kapitalismens deregulerande krav. «Governance and management» der det før var statleg styring og demokratisk leiarskap, blir OECD sitt fokus. I eit samspel med medlemslanda blir den store utgreiingskapasiteten brukt til å legitimere det nye forholdet mellom politikk og økonomi som det engelske forbilde hadde dyrka fram. EU i samspel med OECD blir ein viktig

koordinator av denne politiske utviklinga, inspirert av Thatcher sine raske institusjonelle endringar. Denne omstillinga innan EU, etableringa av den indre marknaden, er i og for seg godt beskriven i NOUen, men utan å vise til dei samfunnskraftene som driv dette fram. Når NOUen legg vekt på at «institusjonane har stått seg godt», prøver den og å skape førestellingar om at slik vil det og vere i tida framover. Vi vil altså *ikkje* få ei britisk utvikling.

Og utan tvil har motstand nedanfrå vore viktig for å halde ved like det som var grunnlaget for politiske så vel som for helse-, utdannings- og arbeidslivsinstitusjonar. Denne motstanden har i hovudsak teke form av protestar mot dei nye leiarstrategiane som New Public Management (NPM) fører med seg, som t.d. lønsauken til leiarskapet, kvasi-marknadsstyringa, leiarstyrt rasjonalisering, økt bruk av deltidsarbeid, mistillit til profesjonar, kontroll- og evalueringsformer som underminerer tillit og demokratisk påverknad. Motstanden og verknadane av han på det norske styringssystemet er lite analysert av fleirtalet i utvalet. Med andre ord: Det som ifølgje NOUen tilsynelatande har stått seg godt, har overlevd ikkje på grunn av verdifellskap med EU, men ved å *trosse* dei reformene av offentleg og privat sektor som EU/EØS fremmer gjennom sitt lovgjevingshegemoni og normative dominans i det norske statsbyråkratiet med et Storting som «har en svak rolle» i prosessen.

Sosialdemokratisk utreinsking

Utvalet sin mangel på institusjonell analyse heng saman med manglande politisk analyse av dei aktuelle maktforholda i Europa. Endringane i Europa (jfr. krisepolitikken) gjer at vi, som land i Europa elles, står overfor krav om enno sterkare tilpassing til den neoliberale orden: Når NOUen i fleire lange avsnitt undrar seg over at eit (stort sett i heile perioden) samstemt Storting har både etablert EØS-avtalen og friksjonsfritt sett i verk EU sin politikk og regelverk utan debatt,¹³ blir dette gitt mange tentative forklaringar av såkalla folkeleg fornuftig karakter. Utvalet utelet likevel den viktigaste: Sosialdemokratiets endring under Gro Harlem Brundtland. Motkonjunkturpolitikken sitt fall på 1980-talet blir drøfta som premiss for det store samsvaret i økonomisk politikk innan EØS. Men det politiske maktgrunnlaget og dei politiske konsekvensane av motkonjunkturpolitikken sitt endelykt får vi vite lite om.

Men endringane i den økonomiske politikken og difor endringar i forvaltningspolitikk, rettens rolle og konstitusjonspolitikk, som NOUen vel å legge så stor vekt på, kan ein berre forstå om ein òg analyserer det skifte i maktgrunnlaget til politikken som gjekk forut for EØS avtalen. Dette var ei endring som i ly av avviklinga av motkonjunkturpolitikken også var ei avvikling av sosialdemokratiet som *politisk program*.¹⁴ Viss vi alle var blitt sosialdemokrat, var det fordi sosialdemokratiet ikkje lenger finns.¹⁵ Støtta til EU/EØS-transformasjonen av Noreg i neoliberal retning har fleirtal på

Stortinget fordi høgrebølga også transformerte DNA. I alle dei multilaterale organisasjonar der liberalisering av den globale økonomien har blitt initiert og avtalt, har det norske sosialdemokratiet vore pådrivar, også alle liberaliseringar som underminerer normalarbeidsdagen, sosialdemokratiet si historisk viktigaste kampsak (sjå artikkelen til Asbjørn Wahl i dette nummeret).

Omstillinga frå velferdsstat – staten som ramme for solidaritet og identitet – til *konkurransesstaten*, skyt no for alvor fart. I konkurransesstaten er det dei ressursane som staten kan stille til disposisjon for økonomiens globale ekspansjon frå og på sitt territorium, som er avgjerande. Etter kvart som ei slik ressursmobilisering kjem i konflikt med velferdsstaten, er det denne som må vike.¹⁶ Konkurransen mellom regionane blir ein overordna ideologi, og neoliberal politisk teori gir den nødvendige grunngevinga for overgangen frå stat og fellesskap til stat og konkurranse.

Men når den institusjonelle omstillinga i Noreg har gått seint (samanlikna med endringane i Europa), skuldast det reaksjonar på endring innan institusjonane sjølve. Vi har til no hatt det andre statsvitarar kallar «NPM light».¹⁷ Etablerte praksisar blir forsvart, emosjonell energi mobilisert for etablerte normer for solidaritet, fordeling og normalarbeidsdagen. Profesjonar reagerer på byråkratisering som kontroll. *Statskonsult* (i dag Direktoratet for forvaltning og IKT, DIFI) som henta sine målstyringsideologiar og NPM-strategiar frå den neoliberale verktøykassa, møtte motstand forankra i etablerte, institusjonelle verdiar, maktforhold og normer om rettferd og fordeling. Fagforeiningar sloss mot privatisering, og mot ulike former for kvasi-marknadsstyring innan offentlege organisasjonar ved å vise til at etablerte praksisar fungerte godt. Men med støtte i EØS og borgarleg politikk og eit Storting utan effektiv opposisjon, har leiinga av staten brukt den internasjonaliserte delen av statsmakta som legitimerande «endringsagent». Pardans og ringdans med EU/OECD/WTO sosialiserer norsk, vitskapleg ekspertise til dei same «postnasjonale» verdiane. Denne ekspertisen si oppgåve er å sette saman på nytt det institusjonelle landskapet som er relevant for «dei fire fridomane» – altså *liberalismen* – og i tillegg flytte makta innan staten frå den velferdslegitimerte forvaltninga til dei departement, direktorat, forskingsråd og utgreiingsinstitutt som legitimerer *konkurransesstaten*.

Samfunnsvitskapen blir straks opptatt av nettopp «governance» og «management» og «leiing», og viser enno ein gang kor lett dette kunnskaps-kollektivet blir dradd mot makta sitt sentrum. Dei blir *statsintellektuelle*.¹⁸ Etableringa av det store programmet LOS (Ledelse, Organisasjon og Styring) blir berar av dei nye tema.¹⁹ Sentrale forskarar frå LOS blir del av etableringa av ARENA ved Universitetet i Oslo. Her blir det normative prosjektet «europeisering», som NOUen har som sitt mantra, reindyrka. Alt i kapittel 1 får vi vite at NOUen gir ei «beretning» om ei omfattande *europeisering* av Noreg dei siste 20 år.²⁰ Det Europa som fanst før EU/EØS, har aldri

eksistert i dette perspektivet. «Europeisering» er altså noe nytt! At EU destruerer eller koopterer (fangar opp og gjer til sitt), ei rekke europeiske samarbeidstiltak, nettverk, kulturelle ytringar, kontaktformer og politiske tradisjonar som eksisterte i forkant og uavhengig av EU/EØS, er i dette ahistoriske perspektivet ikkje ei forming av det *reelle* Europa. Trass i at NOUen nemner at Europa er meir enn EU, held den likevel fast på at EU-prosessen er den *djupaste* forma for «europeisering». Moderne europeisering blir som tendens samanfallande med dei prosessane som styrast gjennom EU-systemet med tilhøyrande politiske organ, byråkrati og organisert lobbyverksamdom. Slik blir *avdemokratiseringa* av Europa gjennom EUs demokratiske underskott ironisk nok «europeiseringa» sitt fremste politiske kriterium. Gjennom EØS-avtalen og eit Storting som «har en svak rolle» (s. 829) råkar dette også Noreg.

Den institusjonelle omstillinga i England under Thatcher gjekk overraskande raskt for mange analytikarar som tar for gitt at institusjonar er institusjonar fordi dei endrar seg langsamt. Men som England viser når klassemaktbalansen endrar seg fort, vil òg institusjonars maktgrunnlag kunne endre seg dramatisk.²¹ Omstillinga av institusjonar i Noreg som følgje av ein EØS-avtale som fremmer den ny-liberale politikken til EU, har kanskje ikkje gått så raskt om vi legg heile perioden 1992 – 2011 til grunn (EØS-perioden) og samanliknar med England. Men sjølv om dei store endringane enno ikkje har satt seg igjennom, er desse godt førebudd gjennom ei rekke reformer av offentleg sektor og ikkje minst den EU-lovgjevinga som no styrer både arbeidsliv og føretak.

Det tapte

Demokratiet er svekka. Dette er òg ei sanning frå NOUen om vi les kapitlet om Stortinget si rolle i handsaminga av EU-lover og -direktiv. Det blir likevel i liten grad drøfta i kva grad dei endringane som EØS har vore med på å drive fram, har endra demokratiet si evne til å fordele makt i samfunnet. Desse endringane kan ikkje kompenseras av demokratisering av EU, som debatten i NOUen om demokratisk underskott antyder. Tap av demokrati i Noreg kan ikkje kompenseras av formalisert demokrati i EU. Det særlegne med demokratiet i Noreg er nettopp dei klassealliansane dette bygger på i kombinasjon med det parlamentariske demokratiet som konstitusjonell sedvane sidan 1884. Dette har sikra demokratisering ikkje berre i form, som NOUen i hovudsak er oppteke av å beskrive, men og i *innhald*, som ikkje blir analysert. Dei tragiske erfaringane med framveksten av diktatoriske regime som følgje av kapitalistiske kriser i Europa i førre hundreåret (fascisme, krig), har da også gjort det klart at demokratiet sine formelle former har liten verdi om ikkje demokratiet endrar maktstrukturen slik at makt stadig blir fordelt mellom borgarane, ulike samfunnssektorar og institusjonar. Det er verdt å

merke seg at fascismen kom *lovleg* til makta i Tyskland i 1933 gjennom det formelle, parlamentariske demokratiet som var kjernen i den nye, demokratiske konstitusjonen etter Versailles. Spørsmålet om det reelt eksisterande demokratiet blir den teoretiske – og politiske – utfordringa meir enn (det framleis viktige) spørsmålet om legal orden.

Samfunnsvitskapane i etterkrigstida var opptekne av at institusjonell differensiering samstundes var ei differensiering av makta slik at ein ikkje risikerte former for «institusjonell imperialism» som undergrev det reelle demokratiet. Ein slik imperialism ville vere ein trussel mot samfunnets kreativitet og mangfald, og i siste instans bryte ned vilkåra for reelt demokrati.²² Dette kritiske perspektivet i samfunnsvitskapane og jussen er i dag skyvd i bakgrunnen. «Europeiseringsforskinga» så vel som fleirtalet i NOUen demonstrerer at konstitusjonell formalisme har forrang.

Gjennom EØS-avtalen er demokratisk avgjersle blitt mindre viktig, ettersom EØS er ei flytting av makt ut av Stortinget, på same måten som EU overtar makt frå nasjonale parlament eller dikterer kva dei skal vedta. Det byråkratiet som førebur saker for Stortinget, regjeringa med departementa, er blitt eit iverksettingsorgan for ein politisk leiarskap som ligg utanfor Noreg. Dette er ein leiarskap byråkratane i Noreg identifiserer seg med, forstår og har sine karrierar i ved sin interaksjon med det postnasjonale byråkratiet i EU/EØS/EFTA/OECD/WTO.

Det viktigaste demokratiske tapet ligg likevel i måten EØS-regimet fremmer den institusjonelle imperialismen på. Økonomiske institusjonar, med støtte i EU si «grunnlov», er raffinert i «konkurranselova» som Europa-retten med slik tyngde har køyrt igjennom sidan 1999. (Den norske konkurranselova av 1993 vart revidert i 2004). Det no lovfesta konkurranse-regimet gjer at EØS-avtalens *økonomisme* perforerer og dominerer andre institusjonar. Dei neoliberale påstandar som stadig vert tekne opp att i ein eller annan variant om at marknaden er den mest effektive måten å organisere ressursfordelinga i samfunnet, legitimerer det sterke angrepet på planlegging som politisk styrt marknadsregulering etter 1980. Påstanden er at marknaden løyser planleggingas hovudproblem og tilfører det planleggarane manglar, nemleg «sikker kunnskap», garantert ved moderne, neoliberal økonomisk teori. Ettersom planen i kontrast til den liberale økonomiske modellen med sine «eksakte» matematiske formlar er usikker, men likevel regulerande, vil den – ifølge grunnleggjarane av den neoliberale, «vitskapleg» funderte tenketanken Mont Pelerin Society i 1946 – alltid truge fridomen til den einskilde aktøren. Det første dei gjorde innan denne nystifta tenketanken, var å forme og definere omgrepet «neoliberal»²³ som ein reaksjon på «planen». Når ein kunnskap, som er god nok til at planen vil verke etter intensjonen, viser seg å vere umogleg å utvikle, vil plankunnskap ifølgje den liberale tenkemåten ta form av diktatur over samfunnet. Samfunnet er for komplisert, sjølv om plankrava er av moderat norsk type. I dette liberale perspektivet

framstår Noreg enno som «den siste sovjetstaten». Frå omlag 1980 vart neoliberal teori daglegtale i politiske samanhengar. Det er difor naturleg at ekspertar og teknokrati styrker seg under neoliberalismen, men da som ekspertise legitimert av marknaden og den økonomisk-politiske styringa som ved lov, direktiv og forskrift trengs for å få denne til å fungere.

Men denne «ekspertisen» bygger på eit enno tynnare vitskapleg grunnlag enn «plankunnskapen». Det er ikkje vitskapleg bevist at «marknaden er den mest effektive måten» å organisere og fordele ressursar på. Likevel er dette blitt ein sementert ideologi, mest som eit aksiom for EU-byråkrati og –ekspertise. Når EU sine fire fridomar skal realiserast, er det difor ved hjelp av ein stat som på byråkratisk, utanfor-demokratisk vis ved direktiv og forordning primært er reglesettande og som mobiliserer ressursar for økonomiske aktørar, medan velferdspolitikk blir eit underordna moment. EU sine reguleringar er ironisk nok også ein slags plan: eit politisk, udemokratisk maktsystem for «fri» marknadsøkonomi.

Denne økonomiske, institusjonelle «imperialismen» blir såleis legitimert gjennom ein rettsorden, j.fr. den sterke rolla til Europaretten. Og ein kvar rettsorden er *normativ* og formidlar makt. Dei fire marknadsfridomane veks ikkje fram utanfor samfunnet, men blir forankra i denne rettsordenen. Som NOUen viser, er denne av ein annan rettslogisk karakter enn den alt etablerte i Noreg. Retten i EU, via domsmakta, formidlar verdiar, sanksjonerer normer og arresterer feil praksisar. Dette igjen verkar tilbake på styrkeforholdet mellom ulike statlege kontor, kompetansar og samfunnsinteresser.

Marknaden på basis av (privat) eigeomsrett til produksjonsmidla som kapital føreset ein rettsorden. Den statlege organiseringa som underlegg seg denne rettsordenen, må fremme ein økonomisk politikk i tråd med dette. Det er dette som er konkurransesstaten. Det underlege er at reguleringa av dei fire marknadsfridomane og den rettsorden den er basert på (Europaretten), er noe vi utan vidare ser ut til å tilpasse oss, om vi skal tru NOUen si framstilling. (Underleg nok berre undrar fleirtalet seg over kor lett denne tilpassinga har gått. Her skulle vel utvalet ha omsett undring til gransking?)

I tillegg til den marknadsorienterte rettsordenen kjem ideologien om at framtida vår er gitt av konkurransen mellom regionar. I 2000 vart planen – som ikkje er ein plan, men ein liberalistisk *visjon* – lansert: Europa skal bli den mest konkurransedyktige kunnskapsøkonomien i verda innan 2010! Også norske institusjonar må kalibrerast raskare for dette formålet. Målet er seinare forsterka og fornya i strategien Europa 2020 med sine ulike visjonar for ulike sektorar.²⁴ Sentralt står konkurransesstaten og «human kapital»-utvikling. *Konkurransesstaten*, som namnet seier, er orientert mot tiltak overfor borgarane som fremmer dei ulike (særleg transnasjonale) føretaka si konkurranseevne. «Human kapital»-utvikling blir både prioritert framfor velferdsstaten og lansert som eit alternativ til velferdsstaten sin «reaktive» karakter.²⁵ Human kapital utvikliga er proaktiv, t.d. er livslag læring (eit EU

satsingsområde for utvikling av human kapital) noko ein er innom når ein «fleksibelt» skal innrette seg på nytt til ein arbeidsmarknad i endring. Dei økonomiske institusjonane sin imperialisme har difor og konsekvensar for utdanning og forskning. Dette er konkurransestatens viktigaste virkemiddel ettersom «human kapital» er vilkår for innovasjon. Kunnskapsøkonomi er målet, innovasjonar er virkemiddelet, «human kapital» er produktivkrafta.

Men for at kunnskapen skal gje den nødvendige nytte, må kunnskapsinstitusjonane agere *som om* dei er i ein marknad, sjølv om dei ikkje står i noko verkeleg marknadsforhold. Når demokratiske vedtak i Noreg har ført til ei brei kunnskapsutvikling - ei heving av kunnskapsnivået for flest mogleg, men samstundes rom for den originale (t.d. Ottar Brox, Dag Østerberg, Thomas Mathisen, Øyvind Østerud) - krev den marknadslignande konkurransen at ressursar blir konsentrert og strukturert i forhold til den økonomiske etterspørselen. Framveksten av «sentra for framifrå forskning», krav om å framstille «robust» kunnskap for brukarane, ein konkurransedrivande evaluerings- og rangeringspolitikk, marknadsføring og omdømmebygging, skapar kunnskapsinstitusjonar som *imiterer* marknaden og den kapitalistiske konkurransen og har bygd opp eit stor administrasjon for propaganda («informasjonsavdelingar, informasjonsdirektørar») og kontroll også ved universiteta. Utviklinga av konkurransestatens viktigaste virkemiddel – kunnskap, forskning, universiteta og høgskolane – blir sjølv strukturert av den konkurransen som desse institusjonane blir forventet å fremme.

Generelt kan vi hevde at den institusjonelle imperialismen transformerer alle offentlege former for organisering i tråd med verdiar driven fram av marknadskonkurransen. Det er særleg desse institusjonelle endringane NOUen har sett bort frå. Individualiserande human-kapital-strategiar, etableringa av kvasimarknadar som styringskriterium, kontraktsrelasjonar mellom ei høgt løna leing og dei som gjer jobben, er berre nokre kjenneteikn ved ny-organiseringa. Denne gir byråkrativest og eit høgtlønt «management-sjikt» orientert mot kontroll og evaluering. Tenestedirektivet er berre eitt døme på kva vi har i vente og kor fort endringane no kan gå.²⁶ På offentlege arbeidsplassar har det over lengre tid (dvs. før EU-utvidinga mot aust og veksten i arbeidsinnvandring) vakse fram kontrollformer som underminerer den profesjonsbaserte, faglege tenesteytinga. Kostnadane ved å utdanne profesjonar til *sjølvstendig* arbeid blir lite verdsett av eit regime basert på kontroll. Og alliansen mellom klientar og brukarar på den eine sida og profesjonar på den andre som over tid er opparbeida innan ein demokratisk diskurs, blir broten ned. Grunngevinga for desse organisasjonsendringane er ønske om å rasjonalisere offentlege tenester. Resultatet har blitt eit veksande, høgt løna kontroll- og leiarbyråkrati, med orientering mot borgarskapets livsformer.

Individuell tilpassing er difor etter kvart blitt hovudstrategien. Den legitimerande ideologien for dette er neoliberalismen sine kontrakts- og

kontrollformer og konkurransestaten sine internasjonaliseringsstrategiar. Om offentleg sektor ikkje kan privatiserast, må den søke etter leiarstrategiar som liknar på dei som private firma har utvikla. Grunngeving for dette er EU/OECD-kravet om «straumlinjeforming» av offentlege budsjett, noko som i Noreg er alt for lite påakta. Det fører med seg ein reduksjon av dei offentlege budsjetta mot den offentlege fattigdomen som no blir tvungen fram i Europa, også i Noreg. Den offentlege sektoren (budsjettkrav) blir i neoliberal ideologi sett på som snyltar på økonomien. Dei økonomiske institusjonane sin imperialisme og gjennomsyring av andre institusjonar gjer det offentlege til ein restkategori for privat akkumulasjon. Ifølgje felles sosiologisk teoritilfang (frå Parsons og Bourdieu, eller frå Aron til Münch, for å nemne dei fremste) underminerer dette vilkåra for det minimum av solidaritet som eit samfunn må bygge på. Slike innsikter er heilt fråverande hos fleirtalet i NOUen. Den dominerande statsvitskaplege, økonomiske og juridiske formalanalyse er utan referansar til dei *samfunnsmessige prosessar* som endrar vilkåra for maktutøving. NOUen seier difor ingenting om økonomiseringa av samfunnet, som Michel Foucault varsla oss om alt på 1970-talet.²⁷

Forske for makta?

Etter gjennomgangen av EØS-avtalen sin konsekvensar for ulike sektorar, varslar NOUen på s. 805 sluttvurderingar. Hovudtesa, som er varsla gjennom det meste av innstillinga, blir no slått fast som sann: Den politiske utviklinga, forstått som politisk sanksjonert av fleirtalet i Stortinget, er i samsvar med politikken innan EU! EØS avtalen har difor ikkje påkalla konfliktrar. (Men det var før vikarbyrådirektivet og den faglege rørsla for å ta arbeidslivet ut av EØS). EØS avtalen er nødvendig for dei økonomiske aktørane, difor er der ingen alternativ! Dessutan: EU/EØS «med en betydelig sosial dimensjon ... samsvarer på mange måter med utviklingen i Norge» (s. 817/18,) trass i dei sosiale opprøra i Hellas og Spania. Det «demokratiske underskottet» kan ikkje løysast, men lindrast gjennom fullt medlemskap! Den demokratiske legitimitet er likevel formelt sett ivaretatt i alle ledd. Og vi kan framleis, noe som er usannsynleg, melde oss ut.

Mindretalet i komiteen er nokre gonger to eller tre, men som regel ein person, Dag Seierstad. Han er ein politiskar som framstår meir som forskar enn dei offisielt lønna forskarane som på si side er meir politikarar enn politikaren Seierstad. Mindretalet har gjennom innstillinga (i dei ulike kapitla) fått relativt lite plass, og får no berre nokre få sider til rådvelde for å antyde dei *politiske motiva som ligg bak EØS-avtalen* og bruken av den. Mindretalet tar utgangspunkt i at Noreg faktisk ikkje er medlem av EU, at oppseiing av EØS-avtalen er eit alternativ innebygd i sjølve avtalen som mulegheit og at avtalen ved oppseiing følgjeleg kan reforhandlast. Det er jo

dette – og ikkje Noreg som eit reint hypotetisk medlem av EU ein gong i framtida – som også burde ha vore det vitskaplege fleirtalet si realitetsorientering framfor «eupeiseringa».

Dei institusjonelle konsekvensane av EØS avtalen kan berre summarisk antydast av Seierstad. Men likevel for *første gang i den lange innstillinga er det mogleg å lese ut av teksten noe så banalt som at «rettsreglar» er underordna politiske interesser*. Ingen rettslogikk eller domsmakt kan oppheve lova eller regelen si forankring i ein interessestruktur (også kjent som fortolkingskontekst). Transformasjonen av rettsforholda i Europa er klassepolitikk forkledd som vitskapleg grunnlagt institusjonsending av forholdet mellom styresmakter. Vi blir underlagt den autoritære «øvrighetsstatens rettstradisjon».²⁸ Den sterke ideologien om *konkurranseløst* kan forklare fleirtalet si manglande evne til nyansert økonomisk og organisatorisk analyse av det som mindretalet framleis held fast på – eit Noreg utafør EU som eit solidaritetsprosjekt. Men mindretalet står relativt makteslaust overfor eit fleirtal som har den internasjonale økonomien som forplikning: Økonomien skal ikkje leggast til rette for samfunnet styrt gjennom nasjonalstaten, men staten skal legge til rette for økonomiens transnasjonale konkurransevilkår på statens område, og frå statens område etter dei spelereglar som eit EU med eit notorisk demokratisk «underskott» legg opp til.

Kunnskapsbasert europapolitikk?

NOUen skulle vere kunnskapsbasert. Det fleirtal i folket som berre har svak representasjon i Stortinget, og som vert gjort til lått av det byråkratiet som samhandlar med Brussel, skulle ved hjelp av vitskapen få fram eit diskusjonsgrunnlag som skapte større likevekt mellom det underrepresenterte fleirtalet i folket og det ressurssterke mindretalet, som har massivt fleirtal i styringsverket og slik dagleg og nærast kritikkløst fremjar tilpassinga til det EU som to folkerøystingar har sagt nei til. I den ulike vektinga av folkemakt mot strukturmakt skulle objektiv vitskap gi folkemakta tyngde. Den omfattande framstillinga i NOUen har faktisk styrka opposisjonen reint kunnskapsmessig mot EØS. NOUen får fram at EØS-avtalen underminerer dei institusjonane som er verdsett i Noreg. Når store delar av fagrørsla no anten går mot avtalen eller vil reforhandle han med sikte på å ta arbeidslivet ut, vil denne motstanden kunne få tilslutning frå andre grupper i samfunnet.

Som nestor i norsk statsvitskap hevdar, er det ingen prov i NOUen for at norsk økonomi er avhengig av EØS-avtalen.²⁹ Og øvinga i logikk som spreier seg over dei 911 sidene om at vi må bli fullt medlem for å råde bot på demokratiunderskottet, har nettopp dette økonomiske diktatet som implisitt premiss. Når det fell, fell og det «logiske» argumentet for at fullt medlemskap er svaret på kravet om «demokratiutvikling».

Argumentet er ein del av det *normative programmet* som ligg i omgrepet «europeisering». Spørsmålet er difor: Kvifor blir forskarane politikarar? Eit nærliggande svar er EU sin såkalla *femte fridom*: Fri forskning gjennom rammeprogram definert av og finansiert gjennom EU, men med grunnlag i verdiskapinga i dei einskilde EU/EØS-landa med overføring til EU. Det er EU som i dag styrer norsk forskingspolitikk og mykje av utdanningspolitikken, det som EU nettopp referer til som *den femte fridomen*, «fri mobilitet» av kunnskap studentar og professorar både som arbeidskraft og som berarar av vara «kunnskap» – men med den retning og dei programmatisk prioriteringar som EU bestemmer. EU blir dermed ein *utdannings- og forskingsunion*.

Kanskje har forskarane gløymt påminninga frå *Hovedkomiteen for Norsk Forsking* (1980) som etter ein analyse av mellom anna folkerørslene i 1972 skriv:

«Særlig komplisert er ekspertenes rolle. Uunnværlige for enhver rasjonell beslutning tenderer de mot å overskride grensene for sin legitime funksjon. Fra å være instrumentelt orienterte rådgivere ekspanderer de mot verdivalgsektoren; her fremmer de en tendens til avpolitisering og dermed enn teknokratisk imperialisme. Av gammel årgang er beslutnings-systemets motsetning mellom ekspertise og politikk; den fargelegger forholdet mellom gressrøtter og toppskikt».³⁰

Politiske val pregar førestellingane om kva som er god kunnskap. EU sine forskingsprogram viser at forskarsamfunnet er fanga inn av EU som kunnskapsstyrande kontekst. For EU dreier det seg om «kunnskapsformatering av Europa».³¹ Det politiske spørsmålet om tilslutning til EU blir då og ofte gjort til eit spørsmål om modning, informasjon og ikkje minst kunnskap,³² kort sagt *formatering*. Det er uklart om utvalet meiner at motstand mot EU skuldast manglande opplysning (manglande formatering?) også når den kjem føre utanfor Noreg, t.d. i Hellas eller Spania? Er det kunnskap dei arbeidslause EU-kritikarane i Sør-Europa manglar?

Når NOUen er basert på «vitskaplege innsikter», og hevdar at den berre ytrar seg i tråd med *bevis*, er det fordi komiteen kjenner seg på trygg ideologisk grunn. Det som finst av spesialkompetanse i Noreg om Europa (som er lik kompetansen i EU), bygger på dei same generelle føresetnadene som NOUen, nemleg EU-program om forskning om EU! Alternativ kunnskap om EU og EØS-avtalen må difor i dag utviklast utanfor «The European Education Area» som eit samstemt Storting har meldt oss inn i, og utanfor «The European Research Area» som Forskringsrådet så sterkt sluttar opp om.

Meir pengar til europaforsking?

Når innstillinga kan hevde at den er basert på vitskap og at den driv med såkalla «evidensbasert» argumentasjon, samstundes som den insisterer på at EØS er juridisk/økonomisk nødvendig for Noreg, blir politiske spørsmål

omgjort til kunnskapsspørsmål som det i hovudsak er EU-forskarane som kan klare opp i. Typisk nok blir mange sider i den offentlege utgreiinga brukt til å søke om meir pengar til dei miljøa (ARENA, Europarett ved UiO) som i så stor grad og med slik europeisk suksess (i følgje NOUen «leiande i Europa»³³) har gitt oss det som er av kunnskap om EU. I høyringsrunden er det dette Universitetet i Oslo (UiO)grip fatt i og støttar. Substansielle kommentarar frå den største «kunnskapsbedrifta» i Noreg får vi ikkje.

UiO, i si tid etablert med nasjonalt ansvar og nasjonale plikter, marknadsfører seg sjølv som eit «leiande europeisk universitet».³⁴ 200 års jubileet som nett gjekk av stabelen, er såleis ikkje berre markering av kontinuitet, men og eit vendepunkt.³⁵ Verdsetting, rangering, evaluering, kvalitetsmåling generelt er no flytta frå «nasjonen» til EU. NOUen er med eigne ord blitt ein søknad om forskingsmidlar for å styrke «satsingen på europaforskning, gjennom større og mer langvarige forskningsprogrammer, fortrinnsvis gjennom en egen fast post på statsbudsjettet» (s. 875) – ein søknad utanom dei vanlege søkekanalane og rutinane, men likevel med stort potensiale for gjennomslag i Forskringsrådet. Med andre ord: NOUen er ein søknad om å styrke Europamiljøet ved til UiO, der leiaren av utvalet, Fredrik Sejersted, tilfeldigvis er professor i europarett.

Forskringsrådet er den organisasjonen som nest etter Utanriksdepartementet har mest kontinuerleg kontakt med EU. Forskringsrådet får då òg skryt av EU. Ved å skape eit sentralisert og einsarta forskingsråd blir relasjonane til EU lettare, dvs. EUs evne til å styre forskinga i Noreg gjennom Forskringsrådet. Forskringsrådet i Noreg er «forbilde» i debatten om korleis forskingsråd generelt i EU bør organiserast for styrke Det europeiske Forskringsrådet og «The European Research Area». Som vist i NOUen, er det brukt mye tid og pengar på Rammeprogrammet. Rammeprogrammet representerer den koordinerande krafta innan EU av både kunnskapsgenererande organisasjonar og relasjonane mellom ulike nasjonalt forankra forskingsgrupper, fag og universitet, og er no sterkt veksande, både i omfang, styring, og kostnader.³⁶ Norge betaler stadig meir for at *andre* skal bestemme kva Norge skal forske på og for kven, og får stadig mindre igjen – i 2012 berre ca 70% – av sitt bidrag til den felles forskingspotten.

EU-/EØS-opposisjonen si avmakt i Stortinget

Den kunnskapen NOUen ber fram, blir ikkje brukt til å analysere makt- og avmaktsforholda i eit Noreg med ein fungerande EØS-avtale, berre til å beskrive og legitimere den rådande politikken. Vi får vite lite om det som er stridstema, sjølv ikkje i eit Europa som no reinskar seg for sosialdemokratiske tradisjonar gjennom ei rekke tiltak: EU sin forfatningspatriotiske strategi (unionsstrategien), standardiseringa av borgaridentitet knytt til ei homogenisering av det offentlege rom (dvs. EU-retten, selskapslovgevinga

og tilpassinga til den felles marknaden), nedtoninga av kulturelle variasjonar, som demokratiet lever av, styrkinga av «den private sfære» framfor solidariske velferdsstatsløysingar.

Dei utviklingstrekk som bryt med norske politiske val og prioriteringar eller våre institusjonar, blir redusert til «tilpassingslogikk». Demokrati forstått som ein prosess som fordeler makt i samfunnet, er ikkje eit kapittel i den store innstillinga. Derimot får vi eit kapittel om Stortingets manglande engasjement som ei grunngeving for at ein treng folkeopplysing! Men fordi NOUen ikkje tar opp politikk og demokrati meir prinsipielt, kan heller ikkje dei mange enkelttiltaka som blir «fagleg» beskrive, diskutert i ein samanheng som får fram dei politiske og institusjonelle konsekvensane av EØS-tilknytninga. Når SV og SP i så mange samanhengar har latt vere å bruke dei mange enkeltvedtak i Stortinget til å markere denne prinsipielle politiske skilnaden, trass i at dei har folke-majoriteten i ryggen, skuldast det også at EU-sakene er blitt «vitskapleggjort» av forskarar og byråkrati. Dei to partia er dels blitt avpolitisert, dels framandgjort av den same typen retorikk som no pregar NOUen. I så måte fungerer vitskapen på same vis som sjølve EU-prosjektet, *avdemokratiserende*. NOUen er full av «beskrivingar» av korleis norsk politikk på område etter område allereie var tilpassa politikken til EU utan protestar frå Stortinget, og såleis etablert som positiv «sanning».³⁷ Eit stadig meir avmektig Storting blir tatt til inntekt for eit konfliktfritt interessefellesskap mellom EU og Noreg. Difor er all tilpassing «naturleg». Våre institusjonar «var alt blitt lik» EU sine, utan påtrykk. Altså har vi eit verdifellesskap. At tilpassinga har sitt grunnlag i dei rådande makt- og hegemoniforhold, blir ikkje problematisert. Ikkje ein gong det faktum at fleirtalet i folket gjennom to omfattande opplysningsprosessar i 1972 og 1994 har avvist medlemskap i EU, får utvalfleirtalet til å problematisere den tilpassinga som har skjedd.

Innanfor eller utanfor tenketankar?

Med si programmatisk tilknytning til den liberale «eupeiseringa», framstår utvalet bak NOUen meir som ein liberal tenketank på line med t.d. tenketanken Bruegel (etablert i 2005). Denne tenketanken er skapt av ei rekke EU-statar, store finansinstitusjonar (med særleg innverknad frå *Europe Investment Bank* og *European Bank for Reconstruction and Development*) og internasjonale konsern, for å gi såkalla «evidensbaserte» råd til EU om økonomisk politikk i ei globalisert verd.³⁸ Forskingsbasert kunnskap er deira viktigaste «asset» (aktivum), altså den same retorikk som i NOUen. Bruegel plasserer seg innanfor den store mobiliseringa av liberal økonomisk-politisk kunnskap. Bruegel har hatt suksess. Tenketanken har medverka til å forme den økonomiske politikken i EU ved å skape dialog mellom politikarar på ein ny arena der det er lettare å bli samde enn når desse møtest som «nasjonal

representantar» i dei formelle organa når føremålet er «å tilpasse politikken til dei økonomiske realitetane».

Men tenketankar er ikkje politiske parti som stiller til val og som kan stillast til ansvar for dei som røyster på dei. Det som Streeck kallar «det globale oligarki», dirigerer nasjonale regjeringar i tråd med den globale kapitalismen sine behov. Bruegel med sine høgt kvalifiserte akademikarar på begge sider av Atlanteren medverkar til å kvitvaske det «vitskapleg» oligarkiet sine interesser. Tenketanken legitimerer «vitskapleg» den objektive økonomiske tvang som politikarane må tilpasse seg. Lokal variasjon og demokrati blir underordna ekspertisen og autoriteten i Bruegel.

Den underliggande premissen for denne tenketanken, som for tilsvarende i USA, frå RAND Corporation og framover, er at marknadsøkonomi og demokrati er det same, der det første er ein føresetnad for det siste. Den «Rational-Choice»-liberalismen som EU i dag utviklar, som RAND Corporation hevdar dei utvikla eit globalt hegemoni for, og som Bruegel er inspirert av, fordrar nettopp nedbygging av den typen institusjonar vi enno har i Noreg. Som det blir sagt, «liberal individualisme» må erstatte «irrasjonell kollektivism». ³⁹

Bruegel som ein av mange tenketankar er det beste dømet på korleis kunnskapsressursar blir mobilisert for å forme politikken innan EU på det «postnasjonale» plan, men legitimert av EU og eliten i delstatane med «globaliseringa» som moralsk imperativ. Tenketankane blir «premissleverandørar» som disiplinere politikarane i dei lokale regjeringane eller i folkevalde organ. Om vi ser ut over det Europeiske (og Amerikanske) landskapet, ser vi at alternativ kunnskap er svakt organisert, lite koordinert, har få stemmer i det offentlege rom eller innan dei halvprivate politiske nettverk. Den norske *Alternativrapporten*, som er eit resultat av samarbeid mellom ei rekke organisasjonar i det sivile samfunnet, LO, landbruksorganisasjonar, Nei til EU, representerer ein folkeleg motsats til t.d. tenketanken Civita som er einspora liberal eller til det stadig meir EU-finansierte forskingssenteret ARENA ved UiO. Alternativrapporten er tvert om uttrykk for den særleine norske klassealliansen og spør med rette (s. 69):

«Hvorfor er det ikke et større engasjement blant systemkritikere i Norge for å kritisere en avtale basert på fri flyt av varer, tjenester, kapital og arbeid? Hvorfor tar disse miljøene i liten grad initiativet til grunnleggende diskusjoner om virkningene av EØS, langt mindre presenterer forslag til endringer i EØS eller erstatte EØS med en handels- og samarbeidsavtale?»

Svaret er enkelt: EU har etablert eit kunnskapshegemoni mellom anna ved hjelp av forskning ved universiteta innafor EUs rammeprogram og av liberale tenketankar som har EUs fire fridommar som ideologiske aksiom. Dei utgjer ein ideologisk identitet og utøver eit hegemoni over kunnskapssamfunnet. På det siste området har Noreg meir enn andre land underlagt seg EU, og

kanskje mest i periodar med SV-ministrar i Kunnskapsdepartementet, ikkje fordi desse ministrane er EU-tilhengarar – noko dei ikkje er – men fordi dei ikkje har forstått kva dei har vore med på og kva rolle dei har hatt innfor dette tilpassingssystemet. Dette er mellom anna eit resultat ikkje berre av SV-leiinga si systematiske isolering av dei intellektuelle venstrekreftene i partiet også i utforminga av regjeringa sin kunnskapspolitik, men også av den manglande interessa av å mobilisere partiets mange dyktige lærarar i utforminga av denne. På dette viset vart kunnskapspolitikken ei taparsak for «lærarpartiet» SV.

Når NOUen kan hevde at dei baserer seg på «vitskap» og på «bevis», er det fordi store deler av det såkalla «kunnskapssamfunnet» i Noreg alt er sosialisert inn i ein EU-styrt kunnskapstrategi, som igjen er prega av eit liberalt regime, og forma av politisk selekterte «ekspertar».

Som framheva i kapitlet om næringspolitikk,⁴⁰ skjedde det ein revolusjon rundt 1980. Denne var, sjølv om det ikkje blir nemnt i innstillinga, satt i regi av OECD med oppfølging i Noreg. Revolusjonen er også kjent som den selektive næringspolitikken endelykt. Staten si rolle blir å styrke vilkåra for at bedrifter skal klare seg sjølve i konkurransen med andre bedrifter innan den globale økonomien. Det viktigaste staten kan bidra med, er kunnskap. På den måten blir omgrepet «kunnskapsøkonomi» skapt med fokus på «innovasjon», «entreprenørskap» og «konkurranse» – den ideologiske kjernen i konkurransestaten. Etter kvart er dette nedfelt i EU sin konstitusjon og gjort til kombinert kunnskapspolitisk og næringspolitisk strategi.:

«Fra 2000 ble EU mer opptatt av betydningen av innovasjon, kunnskap og FOU som kilde til økonomisk vekst. Etableringen av Lisboa-strategien og senere EUs strategi for vekst og sysselsetting, samt EUs 2020-strategi vitner alle om denne dreiningen, som blant annet realiseres ved økt satsing på forskning og utvikling gjennom EUs rammeprogrammer».⁴¹

Når EU i 2000 framheva at den skulle bli «den fremste kunnskapsøkonomien i verda», var det eit slagord som varsla den altomfattande omlegginga av universiteta til «strategiske aktørar» som ville bli lønna i den grad dei fremma kunnskapsøkonomien. På den eine sida får vi fristilling frå statleg styring (og statlege plikter konstituert av nasjonalstaten), på den andre sida oppbygging av Europauniversitet (universitet som marknadsfører sin identitet med europeisering) som leverandørar av kunnskapstenester i ein marknad prega av sterke aktørar, med støtte av «konkurransestatar» som ser innovasjon som følgje av teoretisk kunnskap som både vekst og krisestrategi. Denne overordna strategien i «Europa 2020» strukturerer Europas institusjonar til kvarandre, rasjonaliserer og sanerer bort det som er overflødig. Ei rekke nettverksorganisasjonar for forskarar, basert på kollegialitet og samarbeid over lang tid i det «gamle Europa» (Europa før «europeiseringa»), blir transformert for å passe inn eller lagt ned for å gje rom for EU sitt nye forskingsråd. Der Stortinget før hadde påverknad på forskingspolitikk og

utdanningspolitikk, er det no EU sine krav til konkurranse mellom rangerte universitet som styrer. Altså: Ikkje vitskapleg konkurranse på *vitskapane* sine eigne interne vilkår (ut frå kriterium for god forskning), men konkurranse skapt av *rangeringsbyråa* sine kriterium for kva som er god forskning/vitskap.

Sjølv på dette «offentlege område» ser vi korleis marknad erstattar demokrati, legitimert av eit makteslaust Storting som oftast samstemt har gitt frå seg substansiell makt med den grunngeving at vi ikkje kan stå «utanfor». Fagrørsla, med om lag 1,2 millionar medlemmer i alt, sin innverknad på kunnskapspolitikk og på Forskingsrådet er minimal. Konsekvensane for demokratisk politikk, som burde vore tema for NOUen, er dramatiske. Ikkje berre øydelegg det liberale regimet det offentlege rom slik vi kjenner det. Det overlèt all makt over kunnskapsinstitusjonane til ein elite som allierer seg med ein ekspertise som igjen ser si makt tent med at demokratiet blir eit reint formaldemokrati utanfor folkelege rørsler sin radius.

Gjenreise demokratiet – avvikle EØS avtalen

Det er vanleg å hevde at demokratisering av samfunnet og demokratisering av kunnskapen går hand i hand og forsterkar kvarandre, og at diktatur er truga av kunnskapen. Innan EU er kunnskapen derimot del av eit elite-prosjektet som fremmer ekspertisen og teknokratiet si rolle og dermed «kunnskapsgrunnlaget» for dei institusjonane og praksisane som til saman konstituerer det «demokratiske underskottet». For fleirtalet i NOUen er det viktigare å reprodusere dette europeiske regimets kunnskapsgrunnlag, enn å vise korleis alliansen mellom den politiske eliten og kunnskapsinstitusjonane stadig meir tilpassa EUs rammeprogram, gjer alternativ, kritisk kunnskapsproduksjons vanskeleg. Kunnskapspolitikken i EU bryt ned det kunnskapsmangfaldet som er nødvendig for demokratiet og medverkar slik til det «demokratiske underskottet». Eit slikt alternativt perspektiv ville vel vere alt for kontroversielt for utvalet sitt store fleirtal. Truleg ville det ført til ei anna samansetning av utvalet, med ein annan kunnskapsbalanse mellom fleirtal og mindretal der ulike kunnskapsparadigme kunne brytast mot kvar andre på like fot.

Når fagrørsla no tar opp konsekvensane av EØS for arbeidslivet og foreslår å trekke arbeidslivsfeltet ut av EUs kontroll gjennom EØS avtalen (delvis direkte gjennom selskapslovgjevinga), bør akademikarar støtte dette arbeidet ved å trekke seg ut av kunnskapssamarbeidet med EU, både individuelt og kollektivt. På den måten vil òg ein meir truverdig, allsidig forskingsbasert debatt om EU bli mogleg i framtida slik *Alternativrapporten* etterlyser.

NOTER

- 1) Takk til anonyme fagfeller, og til Tom Skauge, Hans Ebbing, Ole J. Olsen for kommentarar.
- 2) Olsen, Johan Peder «Foran en ny offentlig revolusjon». *Nytt Norsk Tidsskrift*. 3. 1986, s.14.
- 3) Østerud, Øyvind (2012). *Dag og Tid* 27/01/12. *Tjue år på venterommet*.
- 4) NOU 12-2 s. 26.
- 5) NOU 12-2: s. 810. Alt før EØS avtalen hadde det skjedd eit skifte i norsk økonomisk politikk som gjorde tilpassinga til EU lett: «Tilknyttingen til EU gjennom EØS var i pakt med gunnleggende næringspolitisk tankegang hos et bredt politisk flertall for tjue år siden og er det fortsatt». Det blir brukt mykje plass i NOUen på å vise den økonomiske vinsten av EØS avtalen for økonomien i Noreg. I tråd med mandatet (eller med mandatet som årsak), blir ikkje kostnader for økonomien diskutert, heller ikkje spørsmålet om den økonomisk-politiske makta sin karakter som er så viktig for demokratidiskusjonen.
- 6) NOU-12-2 s. 807 «I EU-forskningen er det vanlig å bruke begrepet *europisering* for å analysere betydningen av integrasjonsprosessen for nasjonal utvikling, eller mer presist for å beskrive nasjonal forandring som reaksjon på regional integrasjon i Europa. Begrepet har ikke vært like vanlig i norsk Europadebatt. Så lett som tilknyttingen til EU har utviklet seg i Norge i perioden 1992 -2011 er det imidlertid nærliggende». - Eg gjer lesaren merksam på at europaforskninga blir omtalt i eintalsform. Og s. 853: «En hver gjennomgang av utfordringene ved Norges nåværende tilknytningsform til EU må begynne med det demokratiske underskuddet som ligger innebygget i hele konstruksjonen, og som har vært der siden starten tidlig på 1990-tallet. Dette er det grunnleggende prinsipielle problemet, og det som gjerne påpekes først av undrende utenforstående». For dei «undrande utanforstående» (som NOUen har forståing for) er fullt medlemskap løysinga; dvs. innmelding i ein organisasjon med eit notorisk demokratisk «underskott».
- 7) NOU 12-2 s 229.
- 8) Denne innfanginga av opposisjonen (SV og SP) «betyr at det er liten åpen kritikk på Stortinget av den løpende EU-tilpassningen» NOU 12-2 s. 252.
- 9) Sjå Hans Ebbing sin artikkel i dette nummeret.
- 10) Horn, Laura (2011). How did we end up here? The rise of shareholder value in EU corporate governance regulation. I (red): Sigurt Vitols and Norbert Kluge(2011). *The sustainable company: a new approach to corporate governance*. Brussels. ETUI: European Trade Union Institute.
- 11) Hall, Peter A (1992) «The Movement from Keynesianism to monetarism: Institutional analysis and British economic policy in the 1970s». I: Sven Steinmo, Kathleen Thelen and Frank Longstreth *Structuring Politics. Historical insitutionalism in Comparative Analysis*. Cambridge. Cambridge University Press.
- 12) Østerud, Øyvind (1972) *Samfunnsplanlegging og politisk system. En analyse av offentlig planlegging som politikk og ideologi*. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag. S. 35.
- 13) NOU 12-2 kap. 11. Stortinget og Europapolitikken
- 14) Ebbing, Hans (1988). Er Det Norske Arbeiderparti et sosialdemokratisk parti? *Vardøger* 18 1988 s.153 -188.

- 15) Nilsen, Håvard og Østerberg, Dag (1998). *Statskvinnen: Gro Harlem Brundtland og nyliberalismen*. Oslo. Aschehoug.
- 16) Wahl, Asbjørn (2009). *Velferdsstatens vekst og fall?* Oslo. Gyldendal Arbeidsliv
- 17) Christensen, Tom m.fl. (2010). *Forvaltning og politikk*. Universitetsforlaget.
- 18) Wagner, Peter (1990). *Sozialwissenschaften und Staat. Frankreich, Italien Deutschland 1870 -1980*. Frankfurt am Main. Campus. s 400 ff. For termen «statsintellektuelle» se Ebbing, Hans «Statsintellektuelle på norsk» i *Vardøger 15 1984*.
- 19) Underlagdokument til *Høringsseminar om LOS* fredag 14 februar 1986, Lysebu, Oslo, og «Bakgrunnsnotat til Høringsseminaret om LOS», 14 februar 1986 av banksjef Halvor Stenstadvold (leder), fylkesrådsman Åge Danielsen, professor Gudmund Hernes, professor Johan P. Olsen, underdirektør Tor Saglie, professor Anne-Lise Seip, assisterende direktør Lars A. Ødegaard. Sjå òg *Instilling til LOS-handlingsplan april 1986. Ledelse, Organisasjon og Styring ved NORAS, Norges Råd for Anvendt Samfunnsforskning (Tidligere RSFP/NAVF)*. I tillegg til reformer av offentlig sektor, t.d. gjennom privatisering, etc., blir det også lagt vekt på at (s.3): «Kunnskaper om ledelse, organisasjon og styring er blitt en stadig viktigere konkurransefaktor i næringslivet. Kravene til omstilling og nytenking er store for et stadig mer kunnskapsintensivt næringsliv, både ut fra konkurransehensyn, miljø- og kompetansehensyn og i et kulturperspektiv».
- 20) NOU 2012:2:17.
- 21) Rueschemeyer, Dietrich, Evelyne Huber Stephens and John D. Stephens (1992): *Capitalist development and democracy*. Cambridge. Polity Press.
- 22) Lepenies, Wolfgang (1985). *Die drei kulturen. Soziologie zwischen literatur und Wissenschaft*. München. Carl Hanser Verlag.s. 403ff. Epiloge: Soziologi und Anti –Soziologi im Nationalsozialismus und danarch.
- 23) Hull, Richard (2006). «The Great Lie: Market , Freedom and Knowledge» i Dieter Plehwe, Bernhard Walpen and Gisela Neunhöffer (Red). *Neoliberal Hegemony A global Critique*. Abingdon and New York. Routledge.
- 24) <http://ec.europa.eu/europa2020/>: Europe 2020 blir framstilt som EU sin vekststrategi for det komande tiåret. I ei omskifteleg verd vil EU bli ein smart, bærekraftig og inkluderande økonomi. Dette skal ikkje berre sikre økonomisk vekst men og sosial nærleik i åra som kjem.
- 25) OECD Publishing 201:73 som viser til ulike rapportar om Human Kapitalutvikling som grunnleggjande for innovasjon, som igjen er avgjerande for vekst, som igjen er grunnlaget for arbeid og fordeling: Human Kapital – utvikling er proaktiv politikk, velferdsstat reaktivt; ressursane må flyttast mot det førstnemnde.
- 26) NOU 12-2 s. 446. Stortinget vedtok å innlemme tjenstedirektivet i EØS-avtalen 23. april 2009, med 84 mot 14 stemmer.
- 27) Foucault, Michel (1979). *The Birth of Biopolitics- Lectures at the College de France 1978 -1979*. New York. Palgrave. Macmillan.
- 28) Siegrist, Hannes (1996). *Advokat, Bürger und Staat. Sozialgeschichte der Rechtsanwälte in Deutschland, Italien und der Schweiz (18-20Jhr.)* Erste und Zweite Halbband. Frankfurt am Main. Vittorio Klostermann
- 29) Østerund, Ø. 2012 op.cit.

- 30) Wyller, Thomas Chr. (1980). Folkelig deltakelse. I: Hovedkomiteen for norsk forskning. Skriftserie nr. 9. *Demokrati og folkeaksjoner*. Oslo. Hovedkomiteen for Norsk Forsknings Skriftserie, s. 4.
- 31) Sørensen, Knut Holtan (2010) i *Vardøger* 32 2010.
- 32) Skinner, Marianne Sundlisæter (2012) viser at veksende kunnskap har lite med grad av tilslutning til EU å gjøre. Derimot er det sterk kontinuitet i motiva for motstand frå 1960-talet til i dag. Sjå artikkelen «Norwegian Euroscepticism: Values, Identity or Interests» i *Journal of Common Market Studies*. Blackwell Publisher.
- 33) NOU-12-2 s.158.
- 34) www.uio.no presenterer eit universitet som er for det første «Mest å velge i ved et ledende europeisk universitet», dernest «Norges største og eldste utdanningsinstitusjon».
- 35) Thue, Fredrik W og Kim G. Helsvik (2011) Universitetet i Oslo. Den store transformasjonen. Oslo. Unipub. Og mest relevant: Hellsvik, Kim G. (2011). *Universitetet i Oslo 1975 -2011. Mot en ny samfunnskontrakt*. Oslo. Unipub.
- 36) *Den femte frihet og Kunnskapens Europa* er tittelen på underlagsrapporten om dette tema til NOUen av Åse Gornitzka og Meng-Hsuang Chou. Dei gir ein omfattande gjennomgang av alle dei nettverk, politikktutformande fora og initiativ innan Europa som forskingsrådet deltek i, til dels er leiande for. Den gir god oversikt over alle dei ulike enkelttiltaka som veber norsk og EU-akademia saman. Den viser korleis EU gjennom Forskningsrådets kontroll med forskingsmiddel og tema gjer EU til styrande instans over store deler av kunnskapsproduksjonen i Noreg. EU-pengane blir både ein føresetnad for andre løyvingar og ein måte å konsentrere forskinga om EU sine nettverk og problemstillingar. Spørsmålet er om dette skjer på kostnad av andre prioriteringar nasjonalt og lokalt. Prioriteringane og kontrollformer innan rammeprogrammet blir til prioriteringar for universiteta i Noreg. Om eit universitet skal bli eit «framifrå europeisk forskingsuniversitet» er det avgjerande at ein lykkast med prosjektrekvisisjon på den Europeiske arenaen.
- 37) Streeck, Wolfgang (2011) «The crises of democratic capitalism.» *New Left Review* Sept and Oct. 2011, 5.
- 38) Alt dette henta frå net-presentasjonen av Bruegel; sjå <http://www.bruegel.org>.
- 39) Amadae S.M. (2003) *Rationalizing capitalist democracy. The cold war Origins of Rational Choice Liberalism*. Chicago. The University of Chicago Press. Side 3.
- 40) NOU-12-2 s. 321 ff.
- 41) NOU 12-2, s. 367.